



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Skysreglement for elever i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane

Gjeld frå august 2015



Innhold

1	Lovgrunnlag	4
2	Vilkår for å få fri skuleskyss	4
2.1	Kven ordninga omfattar	4
2.2	Skuleskyss mellom bustad og skule	4
2.3	Båt/ferje	5
2.4	Elevar med funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom	5
2.5	Elevar med trafikkfarleg skuleveg	5
3	Skyssrett for særskilde elevgrupper	6
3.1	Skyss til yrkes- og studiekompetanse – YSK	6
3.3	Skyss for lærling/lærekandidat	6
3.4	Vaksne med rett til vidaregåande opplæring	6
4	Bustad til eleven	6
4.1	Bustad	6
4.2	Delt bustad	7
4.3	Avlastningsheim for funksjonshemma elevar	7
4.4	Elev i fosterheim	7
4.5	Elev i institusjon	7
4.6	Heimreise i helgar for funksjonshemma internatelevar	8
4.7	Heimreise i helgar og feriar	8
5	Eleven sin opplæringsstad	8
5.1	Opplæringsstad	8
5.2	Utplassering og praksis som ein del av undervisninga	8
5.3	Skyss i skuletida	9
5.4	Undervisning i heimen ved sjukdom	9
5.5	Midlertidig skyss til annan undervisningsstad	10
5.6	Elev i anna fylke enn heimfylket (gjesteelev/landslinje/statleg vidaregåande skule)	10
5.7	Privat vidaregåande skule	10
6	Søknad om skuleskyss og privat skyss	11
6.1	Søknad om skuleskyss	11
6.2	Søknad om privat skyss	11

7	Skyssgodtgjersle.....	11
8	Skysstandard.....	12
8.1	Gangavstand.....	12
8.2	Følgje og tilsyn	12
8.3	Reisetid	12
8.4	Skyss som avvik frå skulen sine ordinære start- og sluttider.....	12
9	Samordning.....	13
9.1	Samordning.....	13
9.2	Endring i skuletid	13
10	Skulekort og kontroll.....	13
10.1	Skulekort.....	13
10.2	Kontroll og sanksjonar.....	14
11	Vedtak og klagerett	14
11.1	Vedtak	14
11.2	Høve til å klage.....	14
12	Andre forhold i skuleskyssen	15
12.1	Sitteplassar og setebelte	15
12.2	Utstyr.....	15
12.3	Hærverk.....	15
12.4	Bortvising frå skuleskyssen	15
12.5	Streik	15

1 Lovgrunnlag

Skyss av elevar i vidaregåande skule er lovregulert i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) med tilhøyrande forskrifter.

2 Vilkår for å få fri skuleskyss

2.1 Kven ordninga omfattar

Kjelde: Opplæringslova §§ 3-1, 4A-3, 13-2, 13-3 og 13-4

Skyssordninga gjeld elevar som har rett til tre år heiltids vidaregåande opplæring etter opplæringslova, privatskulelova og elevar med lovfesta rett til inntil to år ekstra spesialundervisning. Eleven må vere busett i Sogn og Fjordane i følge folkeregisteret.

Reglementet gjeld for:

- Elevar med ungdomsrett som er tekne inn etter § 3-1
 - Elevar med funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom
 - Elevar ved privat eigd vidaregåande skule som får statsstøtte innanfor fylkesgrensa
 - Deltidselevar
 - Elevar med fullføringsrett
 - Vaksne som er tekne inn i vidaregåande skule på ordinært inntak
 - Elevar på vg3 som alternativ læreplass
 - Utvekslingselevar

Skyssretten gjeld ikkje for lærlingar/lærekandidatar.

Reglementet omfattar ikkje elevar som er tekne inn etter opplæringslova § 4A-3:

- Vaksne som går på tilbod særskilt tilrettelagt for vaksne
- Vaksne elevar med yting frå NAV
- Elevar som mottek økonomisk kompensasjon i utdannings-/utplasseringsperioden

Listene er ikkje uttømmande.

2.2 Skuleskyss mellom bustad og skule

Kjelder: Opplæringslova § 7-2

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2

Udir-3-2009, pkt. 2

Elevar i vidaregåande skule som har ein avstand på 6 km eller meir frå bustad til opplæringsstad har rett til gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjersle, sjå pkt. 7. Som skuleskyss vert rekna den daglege skyssen mellom heim og skule til skulen sine ordinære start- og sluttider morgon og ettermiddag.

Ved midlertidige endringar i timeplanen har elevane ikkje rett til å bli henta til endra tider.

Kortaste gangavstand ein veg rekna frå bustad til opplæringsstad (dør til dør) vert lagt til grunn for måling av avstand. Dersom det er fleire aktuelle dører, skal avstanden målast til den inngangsdøra som gir størst avstand. Brøytt veg (inkl. gang- og sykkelveg) vert lagt til grunn. Stiar og trakk som er i allment bruk mesteparten av året, kan sjåast på som skuleveg.

Dersom det er stiar, trakk eller vegar som ikkje er farbare om vinteren, men som eleven nyttar elles på året, kan det vere aktuelt å gi fri skuleskyss etter søknad i perioden 1. november til ut februar dersom avstanden bustad – skule vert 6 km eller meir når eleven må gå andre vegar for å kome fram.

Fylkesatlas vert nytta for å måle avstanden frå dør til dør.

Med gangbar og farande veg, er det meint vegar som ikkje er skilta forbode for gåande, til dømes tunnellar. Vegar som ikkje blir lagt til grunn er private vegar som er stengt for allmenn ferdsel, trase over utmark og stiar og trakk med dårleg framkomst. Private vegar som er sperra fysisk med stengsel eller merka med skilt, eller på anna tydelig måte ikkje er open, blir ikkje rekna som farande eller gangbar veg. Det avgjerande er om vegen er open for ferdsel.

Fylkeskommunen kan bestemme at fleire elevar må samordne skyssen. Dette kan leggje føringar for hente-, køyre- og/eller ventetid for elevane.

2.3 Båt/ferje

Kjelde: Opplæringslova § 7-2

Elevar som må nytte båt mellom bustad og opplæringsstad har rett på gratis skuleskyss eller skyssgodtgjersle utan omsyn til reiselengde.

Elevar som er avhengig av båt-/ferjeskyss må akseptere ein gangavstand mellom bustad/opplæringsstad og nærmaste haldeplass/kai på inntil 4 km, jf. pkt. 6.1.

2.4 Elevar med funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom

Kjelder: Opplæringslova § 7-3

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-3

Elevar som har funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom og har behov for skyss/tilpassa skyss, har rett til det uavhengig av avstanden mellom heimen og opplæringsstaden.

Funksjonshemminga må dokumenterast med erklæring frå lege eller psykolog. Erklæringa skal beskrive skyssbehovet (buss, privat bil, drosje) relatert til funksjonshemminga/skaden og kva tidsrom det er nødvendig med spesialskyss.

Alternativ transport vert berre innvilga i dei tilfella der det er dokumentert at eleven på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan bruke ordinær busstransport.

Skyss i samband med skade eller sjukdom må ikkje rekvirerast utan avtale med skulen. Legeerklæring/sakkyndig uttale skal ligge føre før det vert tinga skyss. Attesten/uttalen kan ikkje vere eldre enn 3 månader. Dersom skyssen skal gå lenger enn to veker, må skulen ta kontakt med samferdsleavdelinga.

Trong for spesialutstyr som er tilpassa den enkelte elev i samband med skuleskyssen må settast fram av føresette og gjort tilgjengeleg for transportør.

Retten til skyss er ikkje knytt til om eleven får spesialundervisning eller ikkje, men om funksjonshemminga eller midlertidig skade/sjukdom gjer det nødvendig med skuleskyss.

Dersom føresette eller andre (ikkje drosja) utfører skyssen, vil skyssutøveren få refundert skyssgodtgjersle etter NAV sine satsar for reise til undersøking og behandling.

Skulen sender rekning saman med legeattest til fylkeskommunen v/samferdsleavdelinga.

2.5 Elevar med trafikkfarleg skuleveg

Elevar som har ein avstand på mindre enn 6 km frå bustad til skule eller mindre enn 4 km frå bustad til påstigingsstad, har ikkje rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle sjølv om dei grunngjev søknaden med farlig skuleveg. Etter opplæringslova er det berre grunnskuleelevar som har rett på skyss grunna farleg skuleveg.

3 Skyssrett for særskilde elevgrupper

3.1 Skyss til yrkes- og studiekompetanse – YSK

Elevar/lærlingar ved yrkes- og studiekompetanse (YSK) har rett til skuleskyss til den teoretiske delen ved skulen.

Dei to siste åra er dei lærlingar med lærekontrakt og har såleis ikkje rett på gratis skyss eller full skyssgodtgjersle.

3.3 Skyss for lærling/lærekandidat

Kjelde: Opplæringslova § 4-1

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2

Lærling/lærekandidat vert ikkje definert som elev og har difor ikkje rett til skyss etter opplæringslova.

Elev som får sluttopplæring på skule og ikkje i bedrift, framstiller seg til fag- eller sveineprøve som elev, har rett til skuleskyss som andre elevar.

Lærling/lærekandidat som får teoriundervisning på skule, og fagopplæring stadfestar at skyss til og frå undervisninga ikkje vert dekkja av andre, kan søkje om skyssgodtgjersle eller gratis skyss for tida undervisninga varer, dersom vilkåra for skyss elles er oppfylt.

3.4 Vaksne med rett til vidaregåande opplæring

Kjelder: Opplæringslova §§ 3-1 og 4A-3

Udir-2-2008

Vaksne som har fylt 25 år og har fullført grunnskule eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til slik opplæring (vaksenrett). Fylkeskommunen kan tilby plass i ordinær vidaregåande opplæring under same vilkår som for andre elevar.

Vaksne som får vanlig vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 (ordinært inntak) har skyssrett på lik linje med andre elevar.

Personar som er tekne inn som deltakarar i tilbod spesielt organisert for vaksne har ikkje skyssrett.

Elevar ved vaksenopplæringskurs utanom grunnskulenivå (dagtid/kveldsstudie) har ikkje skyssrett.

Vaksne som har nytta sin opplæringsrett, og som vert tekne direkte inn på skular, vil ikkje ha skyssrett. Dette kan for eksempel vere elevar som tek nye linjefag/omskolering.

4 Bustad til eleven

4.1 Bustad

Kjelder: Opplæringslova § 7-2

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2

Bustad er i utgangspunktet den adressa eleven står oppført med i folkeregisteret. Ved delt bustad er bustad begge foreldre-bustadane. For elevar som har borte-buarstipend, er hybel bustad. Fosterheim og avlastningsheim er bustad.

For elevar som bur på hybel i skuleåret, er hybeladressa å sjå på som eleven sin bustad i høve til skyssreglane. Er avstanden til skulen 6 km eller meir, har eleven skyssrett. Det vert ikkje godkjent noko form for skyss/skysstilskot mellom folkeregistrert adresse og hybeladresse.

Elevar med bortebruarstipend som flyttar heim, får ikkje fri skuleskyss utan å seie opp bortebruarstipendet.

Elevar som har fleire faste bustader i løpet av skuleåret (til dømes turistbedrift med sesongdrift, stølsdrift), har rett på skyss dersom vilkåra for å få skyss elles er oppfylt. Har bustaden funksjon som ferie- eller fritidsbustad (ikkje fast bustad), har elevar ikkje rett på skyss.

4.2 Delt bustad

Kjelde: Udir-3-2009, pkt. 4

Elevar med delt bustad kan ha rett til skyss frå to bustader dersom kravet til avstand er oppfylt frå begge bustadane. Det er ikkje krav om absolutt 50/50 omsorgsdeling, men delt bustad skal vere reell og dokumentert ved kopi av avtale. Skulane skal hente inn slik dokumentasjon før skuleskyss vert bestilt. Elev har ikkje rett til fri skuleskyss i samband med utøving av vanleg samværsavtale etter barnelova § 43.

At den andre heimen ligg i eit anna fylke har ikkje noko å seie for retten til skyss. Det er likevel viktig å merke seg at vurderingar knytt til forsvarlig reisetid vil kunne avgrense rett til skyss til/frå begge bustadane.

4.3 Avlastningsheim for funksjonshemma elevar

Kjelder: Opplæringslova § 7-3

Funksjonshemma elevar har også rett til nødvendig skyss når dei i periodar oppheld seg utanfor heimen, for eksempel i avlastningsheim - uavhengig av avstanden mellom heim og skule.

Elevar som er i avlastningsheim på ettermiddag/kveld, for så å reise heim til bustad, har ikkje rett på skyss frå avlastningsheim til bustad.

4.4 Elev i fosterheim

Kjelder: Opplæringslova § 13-3

Skyss mellom fosterheim og skule vert dekkja som skuleskyss mellom ordinær heim og skule av den fylkeskommunen som er ansvarleg for opplæringa.

4.5 Elev i institusjon

Kjelder: Opplæringslova §§ 13-2 og 13-3a

Udir-3-2009 pkt. 5

Udir-6-2014 pkt. 2

Elev som vert teken hand om av barnevernet og som vert plassert i midlertidig bustad eller på barnevernsinstitusjon for kortare periode, har rett til å halde fram sin skulegang ved den skulen han var elev på det tidspunkt vedkomande blei teken under barnevernet sitt ansvar. Dette gjeld dersom elven ønskjer dette, og det er praktisk mogleg i høve til for eksempel reisetid. I perioden fram til barnet får ein meir permanent bustad (fosterheim eller liknande), ligg det økonomiske og organisatoriske ansvaret for skuleskyss hjå barnevernet.

Når det vert gjort vedtak om plassering av elev i institusjon etter barnevernslova, er det den fylkeskommunen der institusjonen ligg som har ansvar for å oppfylle retten til vidaregåande opplæring, spesialpedagogisk hjelp og skuleskyss.

For elev som bur periodevis på institusjon og heime, vil det vere skyssrett til begge stadar dersom vilkåra for skyss er oppfylt. Tilsvarande gjeld for elev som bur på krisesenter.

4.6 Heimreise i helgar for funksjonshemma internatelevar

Kjelder: Opplæringslova §§ 13-2 og 13-3a
Udir-10-2009 pkt. 2

Elevar frå Sogn og Fjordane på statlege kompetansesenter, til dømes kompetansesenter for hørselshemma, som bur på internat, vil ha skyssrett frå kompetansesenteret til bustad. I dei tilfella sentera ikkje betaler skyss til bustad, kan det søkjast om skyss. Det vert føresett at det eksisterande kollektivtilbodet vert nytta. Skyssen skal avklarast med fylkeskommunen før den vert sett i verk. Utgifter til kost og overnatting vert ikkje dekkja.

Departementet har så langt ikkje gjeve forskrift for heimreise for elevar med funksjonshemming som bur på internat, men nokre skular dekker inntil sju heimreiser. Dette gjeld i hovudsak statlege skular og statlege finansierte skular med opplæringstilbod for hørselshemma elevar.

Funksjonshemma internatelevar kan søkje om heimreiser utover dei heimreisene som skulen dekkjer. Vedtaket om heimreise vert fatta av samferdsleavdelinga, og reisemåte skal avklarast med samferdsleavdelinga.

4.7 Heimreise i helgar og feriar

Elev som bur på hybel får ikkje dekkja utgifter i samband med heimreiser i helgar, feriar eller fridagar.

5 Eleven sin opplæringsstad

5.1 Opplæringsstad

Kjelde: Opplæringslova 7-2

Opplæringsstad er i utgangspunktet den vidaregåande skulen eleven er teken inn på, men det kan og vere eit anna lokale som undervisninga er lagt til. Utplasseringsstad er opplæringsstad.

Dersom skuledagen byrjar eller avsluttar ein annan stad, vil eleven sin rett til skyss framleis vere med utgangspunkt i den staden der undervisninga normalt føregår.

I tilfelle der skyssopplegget medfører lang reisetid, og er kostnadskrevjande, skal dette takast opp med fylkeskommunen v/samferdsleavdelinga før skyssen vert sett i verk.

5.2 Utplassering og praksis som ein del av undervisninga

Kjelder: Opplæringslova § 7-2

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2

Dersom praksis eller utplassering av elevar er ein obligatorisk del av læreplanen eller eit eige tilrettelagt opplegg for den enkelte elev, vert eleven innvilga gratis skyss eller full skyssgodtgjersle mellom bustad og praksisstad etter same reglane som for daglig skuleskyss mellom bustad og skule. Dette gjeld enten det er faste dagar gjennom heile skuleåret eller konsentrerte praksisperiodar.

Skyss vert ikkje dekkja i skulen sine ferie- og fridagar.

Eleven skal bruke kollektivtransport der det er mogeleg og i utgangspunktet bruke det ordinære skulekortet.

Elevar som må ha utplassering så langt frå bustad/skule at dagleg skyss ikkje er aktuelt, får dekkja skyss mellom hybel og praksisstad når avstanden er 6 km eller meir. Eleven kan få godtgjering for reisa til utplasseringsstad og heim til bustad etter utplasseringsperioden etter rimeligaste reisemåte. Reise heim i helgane i praksisperioden frå praksisstaden, vert ikkje dekkja.

Berre dokumenterte utgifter vert refundert - etter rimeligaste reisemåte.

Elevar som bur på hybel ved skulestad og får praksisplass på heimstaden, får ikkje dekt reiseutgifter frå skulestad til heimstad av fylkeskommunen v/samferdsleavdelinga.

Dersom det ikkje er mogeleg å få praksis eller utplassering i eige fylke, vert det gjeve refusjon av skyssutgifter etter rimeligaste reisemåte for reiser til og frå nabofylka ved start og slutt av praksisperioden. Denne utplasseringa må vere stadfesta av rektor/faglærar.

I samband med praksis eller utplassering vert det ikkje utbetalt stønad til bustadutgifter eller kostutlegg.

Skulen har eige skjema for utplassering som eleven skal nytte. Søknad om refusjon av utgifter til skyss i samband med utplassering skal sendast til fylkeskommunen snarast råd etter at utplasseringa er avslutta. Refusjon for skyss i samband med utplassering vert utbetalt fortløpande.

Ved refusjon for bruk av offentleg transportmiddel må eleven dokumentere utgiftene i form av billettar og liknande. Ved bruk av privat køyretøy må eventuelle tilleggsutgifter som ferje og bompengar dokumenterast. Berre dokumenterte utgifter vert refundert.

5.3 Skyss i skuletida

Kjelder: Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2
Udir-3-2009, pkt. 2

All skyss i skuletida er skulen sitt ansvar. Dette kan vere nødvendig skyss for å kome til symjeundervisning, bibliotek, riding og liknande. Tilsvarande gjeld skyss for ekskursjonar, skidagar og andre turar. Undervisning i lokale utanfor skuleområdet omfattar også kurs og seminar som vert halde andre stadar.

Fylkeskommunen dekkjer utgifter til skyss frå bustad til riding/bading om morgonen og frå riding/bading til bustad om ettermiddagen for funksjonshemma elevar.

Skulen vere ansvarlig for skyss for undervisning som er lagt til andre stadar enn skulen for ein periode, til dømes skiundervisning for elevar på idrettslinjer.

Skyss ved ekskursjonar, utflukter eller liknande i skulen sin regi må den einskilde skule dekkje sjølv. Skulen må også dekkje skyss ved turar i samband med prosjektoppgåver.

5.4 Undervisning i heimen ved sjukdom

Dersom skule og heim inngår avtale om undervisning i heimen, og undervisninga medfører skyssutgifter, vert dette definert som tenestereise. Skulen er i slike tilfelle ansvarleg for å dekke eventuelle skyssutgifter.

5.5 Midlertidig skyss til annan undervisningsstad

I dei tilfella der undervisninga midlertidig vert lagt til ein annan stad enn den ordinære undervisningsstaden, vil skulen vere ansvarleg for eventuell skyss. Dette kan t.d. vere ved ombygging eller renovering av eksisterande lokale.

Strekker dette seg over ein lengre periode på meir enn eitt år, vil skyssen verte tilrettelagt og organisert på vanleg måte.

5.6 Elev i anna fylke enn heimfylket (gjesteelev/landslinje/statleg vidaregåande skule)

Kjelder: Opplæringslova § 7-2

Forskrift til opplæringslova §§10-1 og 19-2

Reglementet gjeld og for elevar heimehøyrande i Sogn og Fjordane som går på skule i andre fylke dersom ein av følgjande føresetnader er oppfylte:

- a) Eleven går på ei line som det ikkje er tilbod om i Sogn og Fjordane
- b) Eleven får ikkje skuletilbod/praksisplass i Sogn og Fjordane
- c) Eleven går på skule utanom fylket etter avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og vedkomande fylke (gjesteelev)
- d) Eleven, som på dokumentert grunnlag frå lege, tek utdanning i andre fylke

Ein gjesteelev er i § 19-2 i forskrift til opplæringslova definert som elev som er tatt inn til eit vidaregåande skuletilbod i eit fylke der eleven ikkje er folkeregistrert pr. 1. januar det året kurset startar. Folkeregistrert adresse pr. 1. januar er avgjerande for kva for eit fylke som har økonomisk ansvar for skuleplass og skuleskyss det komande skuleåret dersom det ikkje føreligg særskilte avtalar mellom fylkeskommunane.

Eleven er sjølv ansvarleg for å sende søknad om skuleskyss/skyssgodtgjersle til fylkeskommunen. Eleven må legge ved stadfesting frå opplæringsavdelinga på at skuleplass i anna fylke er innvilga.

Fylkeskommunen har ikkje ansvar for skyss når eleven sjølv vel vidaregåande opplæring i eit anna fylke dersom fylkeskommunen gir tilsvarande tilbod.

Elev heimehøyrande i andre fylke som har gjeste-elevplass eller som av «eigen fri vilje» går på skule i Sogn og Fjordane, må søkje skyssrefusjon frå heimfylket.

Skyssretten gjeld berre mellom hybel/internat og skule når avstanden er 6 km eller meir.

5.7 Privat vidaregåande skule

Kjelder: Privatskulelova § 3-7

Opplæringslova §§ 3-1, 7-2, 7-3 og 7-4

Elevar i privat vidaregåande skule har skyssrett på same vilkår som elevar i den offentlege skulen. Det gjeld også elevar med funksjonshemming eller mellombels skade/sjukdom. Det er ein føresetnad at skulen får statstilskot til drifta, og undervisninga er godkjent som vidaregåande opplæring etter privatskulelova.

Skyssansvaret gjeld fram til fylkesgrensa dersom eleven går på privat vidaregåande skule i eit anna fylke. Dette gjeld også for elevar med funksjonshemming eller midlertidig skade/sjukdom.

For elevar i privat vidaregåande skule utan offentlig finansiering, er det ikkje skyssrett.

6 Søknad om skuleskyss og privat skyss

6.1 Søknad om skuleskyss

Dersom avstanden mellom heim og opplæringsstad er 6 km eller meir, har eleven rett på gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjersle, sjå kap. 7. Skulen deler ut søknadsskjema. Det er viktig at eleven fyller ut med korrekt og fullstendig adressa. Gards- og bruksnummer skal først opp dersom eleven ikkje har gateadresse. Lever utfylt skjema til skulen. Etter nokre dagar vil eleven få skysskortet sitt.

Søknadsfrist er 1. september. Dersom ein elev tek i mot elevplass etter denne dato, må eleven søkje snarast råd.

6.2 Søknad om privat skyss

Det er utarbeidd eige søknadsskjema for privat skyss enten det gjeld skyss frå heim til haldeplass, eller frå heim til skulen. Krava i kap. 2.2 og 7 må vere oppfylt.

Eleven får søknadsskjema ved å ta kontakt med skulen. Søknadsfrist er 1. september. Dersom ein elev tek i mot elevplass etter denne dato, må eleven søkje snarast råd.

7 Skyssgodtgjersle

Kjelder: Opplæringslova § 7-2

Forskrift til opplæringslova §§ 10-1 og 10-2

Udir-3-2011

Sjuketransportforskrift 7. april nr. 788

Fylkeskommunen kan velje å organisere gratis skuleskyss eller overlate til eleven/føresette sjølv å ordne skuleskyssen mot full skyssgodtgjersle.

Elevar får full skyssgodtgjersle når:

- Det ikkje er tilgjengeleg/akseptabelt rutetilbod på den aktuelle reisestrekninga
- Gangavstanden på delstrekning mellom bustad/opplæringsstad og transportmiddel er 4 km eller meir
- Einslege forsørgjarar som må levere/hente barn i barnehage eller SFO. Det føreset at barnet ikkje har ordinær skuleskyssordning
- Attest frå sakkyndig medisinsk personell som tilseier at eleven bør ha høve til å køyre eigen bil

Full skyssgodtgjersle inneber at eleven/føresette får dekkja dei nødvendige faktiske kostnadane etter søknad.

Satsen ved bruk av privat køyretøy er lik NAV sine satsar for reiser til undersøking og behandling. Kostnader utover dette må dokumenterast, t.d. bom og ferjebillett. Tapt arbeidsforteneste vert ikkje dekkja. Skyssopplegget skal godkjennast på førehand.

Foreldre som køyrer eleven eins ærend får dekkja reise både tur og retur.

Skyssgodtgjersla vert betalt ut etterskotsvis to gonger pr. år. For at reiseutgifter skal bli refundert må eleven fylle ut eige skjema.

Det vert ikkje inngått avtale om privat skyss dersom eleven kan reise kollektivt. Det vert ikkje gjeve skyssgodtgjersle til elevar som ønskjer å bruke eigen bil ut frå sosiale/velferdsomsyn.

Tilsvarende refusjonsordning for skyssgodtgjersle kan etablerast for institusjonar som må utføre skyssen sjølv.

8 Skysstandard

8.1 Gangavstand

Kjelder: Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2
Udir-3-2009 pkt. 2

Når skyssretten på 6 km er utløyst, er det forventa at eleven kan gå ei rimeleg distanse frå heim til haldeplass. Grensa for gangavstand til/frå haldeplass for elevane i vidaregåande skule i Sogn og Fjordane er 4 km eller meir.

Fylkesatlas vert nytta for å måle avstanden frå dør til busstopp.

For elev som har 4 km eller meir kan fylkeskommunen v/samferdsleavdelinga gi gratis skuleskyss eller full skyssgodtgjersle.

8.2 Følgje og tilsyn

Kjelder: Opplæringslova §§ 7-4, 9A-3 og 13-4
Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-4
Udir-3-2009 pkt. 11

Elev som har behov for tilsyn/følgje i samband med transport til og frå skule, har krav på dette. Skulen må dekkje alle kostnadene knytt til tilsynet eller følgjet, til dømes løn og reiseutgifter for den som følgjer eleven. Dette gjeld også dersom eleven kan gå til skulen med følgje.

Elev som treng hjelp til klargjering før eller etter skyss (på- og avkleding, hjelp i trapper, oppgangar eller gardsplass) må få dette av føresette eller tilsette ved institusjon/eleven sin bustad/skule.

Elev som kan ha trong for medisinerings undervegs i transporten, må ha med følgje.

Eleven har rett til nødvendig tilsyn når det blir ventetid før undervisninga startar og etter at undervisningstida er avslutta. Skulen har ansvar for tilsyn med eleven før og etter skuletid.

Skulen har også tilsynsplikkt med funksjonshemma elevar i transportmiddelet dersom dette er nødvendig.

Eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø gjeld også på skulevegen, og dermed også under skuleskyssen. Elevane skal såleis sleppe å oppleve krenkande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme. Eit tiltak for å hindre for eksempel mobbing, kan vere at skulen set inn tilsyn på skyssen.

8.3 Reisetid

Kjelder: Opplæringslova § 7-2
Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 7-2

Skuleskyssen må organiserast på ein slik måte at elevane får ei akseptabel reisetid.

Målsettinga er at samla reise- og ventetid skal vere kortast mogleg, samtidig som ein tek omsyn til at ein får ei rasjonell og økonomisk god organisering av skuleskyssen.

8.4 Skyss som avvik frå skulen sine ordinære start- og sluttider

Kjelde: Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til §§ 7-2 og 13-4

Elevane har ikkje rett til skuleskyss utover skulen si skuletid, for eksempel i samband med heildagsprøve, skuleavslutning, elevkveld og liknande.

9 Samordning

9.1 Samordning

Kjelder: Opplæringslova § 13-4

Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) kapittel 31, Merknader til § 13-4

Der det er høveleg og hensiktsmessig (økonomisk gunstig) skal det vere felles ruter for ordinære passasjerar, elevar i grunnskulen og elevar i den vidaregåande skulen. Kravet til samordning gjeld òg for funksjonshemma og mellombels skada eller sjuke elevar.

Fylkeskommunen kan pålegge elevar ventetid dersom dette er nødvendig for å oppnå samordning.

Skulane skal i størst mogeleg grad samordne årsplanane og tidene for skulestart og skuleslutt, oppstart og avslutning av skuleåret, fridagar og feriar for å avgrense tal køyredagar. For å lette samordninga, skal skulane følgje framlegg til samordna årsplan frå KS. Dersom ein skule avvik frå den samordna årsplanen utan at dette er samordna med andre skular i same skyssregion, må vedkomande skule sjølv dekke dei auka skysskostnadene avviket medfører.

9.2 Endring i skuletid

Skulane skal i utgangspunktet ha same skuletid (start- og sluttid) frå år til år. Skuleskyssen vert i utgangspunktet planlagt i høve skuletida, og den enkelte skule vil stå fritt til å planlegge skuledagen innanfor skuletida uavhengig av start- og sluttidene. Ønskje om endring i start- og sluttid må meldast til samferdsleavdelinga innan 1. november året før skulestart.

Den einskilde skule kan ikkje sjølv avgjere endring i skuleskyss.

10 Skulekort og kontroll

10.1 Skulekort

Kjelder: Vilkår for transport med rutegåande busstrafikk i Norge, Samferdselsdepartementet
HS-sak 4/15 (hovudutval for samferdsle)

Det vert nytta elektroniske skulekort i skuleskyssen som bevis på at ein har rett til gratis skuleskyss. Skulekortet skal lesast av i billettmaskina ved påstiging.

- Skulekorta gir elev rett til dagleg skuleskyss med offentlege transportmiddel i Sogn og Fjordane mellom heimehaldeplass og opplæringsstad.
- Skulekortet er personleg og kan ikkje overdragast til andre.
- Elev med skyssrett får 2 reiser pr. skuledag mellom bustad og skule. Elevar som likevel brukar opp reisene sine før dagen er omme, må sjølv betale for reisa heim. Eleven vil ikkje få refundert kostnadene.
- Eventuell overgang skal ikkje reknast som ny reise. Overgangen må skje innan 90 minutt frå første påstiging.
- Skulekortet kan ikkje nyttast i skulen sine ferie- og fridagar.
- Ved reise på andre strekningar enn den skulekortet gjeld for, må ein løyse ordinær billett.
- Det er sett opp skuleruter til skulen sine ordinære start- og sluttider, men elevar kan reise heim frå skulen med andre ruter dersom det er ledig kapasitet og dette ikkje fører til

ekstrakostnader for fylkeskommunen. Det er ikkje høve til å nytte ekspressbussruter. Det vert ikkje sett opp ekstra skyssar.

Melding om tapte eller øydelagde skulekort skal gå gjennom den einskilte skule til samferdsleavdelinga som skriv ut nytt kort. Eleven skal dekkje kostnaden med å skrive ut nytt kort, kr 100.

Elev som vert frakta av privatpersonar eller drosje/turvogn kan få innvilga fritak frå kravet om elektroniske skulekort.

Kort som ved normal bruk sluttar å fungere vil bli erstatta av samferdsleavdelinga.

Ved tap av skysskort låner skulen ut nødkort inntil nytt kort er laga.

Kortet skal nyttast alle åra eleven går på skulen, og oppfyller retten til gratis skuleskyss.

10.2 Kontroll og sanksjonar

Kjelde: Vilkår for transport med rutegående busstrafikk i Norge §§ 4 og 7 ,
Samferdselsdepartementet
Yrkestransportlova § 33

Alle elevar med skulekort skal registrere turen ved påstiging.

Skulekortet er personlig og skal ikkje overlatast til andre. Misbruk av skulekortet vert å sjå på som ikkje gyldig billett. Eleven må betale tilleggskost tilsvarende det doble av taksten for enkeltbillett for distansen, men ikkje mindre enn kr 300. Ved misbruk kan kortet verte teke inn for kontroll.

Saka vert meldt til politiet.

11 Vedtak og klagerett

11.1 Vedtak

På bakgrunn av §§ 7-2 og 7-3 i opplæringslova, fattar fylkeskommunen vedtak om dagleg skuleskyss mellom bustad og skule. Oppfyller eleven vilkåra for å få gratis skuleskyss, vert eleven utstyrt med eit skuleskysskort.

Dersom elevar har fått tilbod om skuleskyss på feil grunnlag, kan fylkeskommunen gjere om vedtaket og inndra skyssretten t.d. ved feil avstandsmåling. Elev som på grunn av feilaktige opplysningar får dekkja skuleskyss eller får skuleskysskort, kan bli haldne økonomisk ansvarlig for fylkeskommunen sine kostnader.

For elev under 18 år vil føresette kunne bli haldne ansvarlige, jf. Lov om skadeerstatning 13. juni 1969 nr. 26, § 1-2.

Dersom vilkåra for skyss vert endra, pliktar eleven å melde i frå til skulen om dette. Dersom dette ikkje vert gjort, kan påførte skyssutgifter bli kravd dekkja av eleven.

11.2 Høve til å klage

Kjelder: Forvaltningslova §§ 28 og 29
Opplæringslova § 15-2
Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt delegeringsreglement

Fylkeskommunen si avgjerd om elevane sin rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle er enkeltvedtak etter forvaltningslova. I høve forvaltningslova § 28 kan enkeltvedtak klagast på til

klageinstansen av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka. For elevar i vidaregåande skule er klageinstansen fylkeskommunen si klagenemnd, fylkesutvalet.

Klagen skal sendast til det forvaltningsorgan eller underinstans som har fatta vedtaket. Forvaltningsorganet/underinstansen skal sørgje for å legge saka fram for klageinstansen.

Forvaltningslova § 29 fastset fristen for å klage til 3 veker frå det tidspunkt meldinga om vedtaket er kome fram til vedkomande part.

Klagar bør grunngje klagen.

12 Andre forhold i skuleskyssen

12.1 Sitteplassar og setebelte

Skuleskyssen vert planlagt med sitteplassar til alle. Ved ekstraordinære tilfelle kan det førekome at nokre elevar må stå.

Alle elevar skal nytte setebelte i buss. Den som har fylt 15 år og som ikkje nyttar setebelte vil i ein kontroll utført av politiet eller vegvesenet bli ilagt gebyr, jf. Forskrift 21. september 1979 nr. 7 om bruk av personlig verneutstyr under kjøring med motorvogn § 3.

12.2 Utstyr

Kjelde: Vilkår for transport med rutegående busstrafikk i Norge § 10, Samferdselsdepartementet

Ekstra utstyr som ski, akebrett, sykklar etc. kan takast med etter avtale med transportør. Det vert føresett at det er forsvarleg og at køyretøyet har kapasitet. Ekstra kostnader vert ikkje dekkja av fylkeskommunen v/samferdsleavdelinga.

12.3 Hærverk

Kjelde: Vilkår for transport med rutegående busstrafikk i Norge § 8, Samferdselsdepartementet

Ved hærverk på skyssmidlet vil eleven vere erstatningspliktig etter vanlege erstatningsreglar.

12.4 Bortvising frå skuleskyssen

Kjelde: Opplæringslova §§ 3-7 og 3-8

Det er ikkje høve til å ta med i skyssreglementet noko form for straff eller sanksjonar mot elevar som viser uakseptabel åtferd under skyss til/frå skule. Ønskjer skulen å regulere åtferda til elevane under skuleskyssen kan det vere praktisk å ta inn reglar om elevåtferd i skulereglementet.

12.5 Streik

Kjelde: Brev datert 11.11.96 frå Kyrkje-, utdannings og forskningsdepartementet

Fylkeskommunen organiserer ikkje alternativ skyss ved streik.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside: Frode Romarheim